

Sommar / vinter 2004

Arrangement:	Dato:	Mnd:	Ansv:
Jonsokafta	23.	juni	
Musikkbasar	31.	oktober	Styret
Juletreffest	28.	des.	Styret
Temakonsert	8.	jan.	
Temakonsert	22.	jan.	

Tur til Eidsvoll september 1991. Vi hadde ein fin tur for å besøke stormfestival-korpset på Eidsvoll med m.a. konsert ved Eidsvollbygningen. Bakerst f.v.: Terje, Lyder, Gald, John Inge, Kjell. Nest



Tilbakeblikk

bakerst f.v.:
Dianne,
Magni, Anita
K, Arne Ø,
Helge O. Ivar,
Erling Tredje
bakerst f.v.:
Johan, Lindis,
Sigrid, Bjørn
Vidar, Idar,
Anita F,
Monica,
Bjarte.
Fremst f.v.:
Arne T, Kåre,
Audun,
Lisbeth.
JW



På kryss og tvers med VG

Prøv VG-kryss Vassrett:
1. Dekorere
5. Vår forrige konge
6. Lett teaterforstilling
Loddrett:
1. Mamma
2. Fostre opp
3. Dempet
4. Hornist i TPM

	1	2	3	4
1				
5				
6				

God sommar

Vredens Gnag



Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

Nr. 6

11. årgang

Laussal: Gratis

Juni/juli 2004

Fuktig vår konsert



Lørdag 5. juni spelte vi gatekonsert i Måløy sentrum. På same måte som 17. mai vart det ein fuktig seanse. Men det hindra ikkje korpset frå å prestere. Her ser vi Arne Øvrelid og Helge Oppedal på tur med "beistet", som Arne kallar storetromma, gjennom Måløy sentrum. Styret vil ynskje alle ein god sommar.



God sommar. Nok ein spelevinter kan leggst til i musikklaget si historiebok, og pause bir det no til ut i august. Vi reknar med at sommarferie vil gjere godt, og at vi har masse energi når hausten kjem. Vi vil takke våre støttespelarar, publikum og sponsorar, og ynskje alle ein god sommar. Helsing Johan W.

www.torskangerpoll.no

Kjekt med orkester



Vi som spelar i korps synest det er kjekt å ha ein positiv og meningsfylt aktivitet. Kvar tirsdag mellom 19.30 og 21.45 møtast vi til speling, og det skal mykje til for at vi sløyfer øvinga. Kaffipause har vi og med lått og løye, diskusjonar, informasjon og som regel besøk av Sivert kl 20.30. Når vi har konsertar, eller er ute på reiser, er det ekstra kjekt. Det føl og litt

spenning med framføring av musikkstykker. Kvar enkelt er like viktig, og gleda er stor dersom ein klarer eit musikkstykke godt og feilfritt. Positiv og lydhør dirigent er viktig, og det har vi. Styret fungerer godt og har eit overordna ansvar. Dei tillitsvalde personane lyt alltid ta eit ekstra tak for å få ting på skinner. I tillegg til øvelsane lyt mange øve heime for å få til vanskelege ting i musikken. Særleg der notane skal spelast fort. Alle likar fart og spenning, så å spele kan nok samanliknast med f. eks. å køyre berg og dalbane. Det kitlar kanskje ikkje like mykje i magen. Det er artig å marsjere, for her skal fotarbeid, pusteteknikk, lipper, tunge, syn, hørsel og mykje anna koordinerast. Det hender seg at mennesker skryter av innsatsen vår og det opplevast hyggelig. Alle fine opplevelsar og utfordringar gjer det kjekt med orkester. Har du lyst å vere med, ta kontakt. God sommar.

Gode hattekara

Her ser vi to gode kara som ikkje er tunge å be om å stille opp for fotografen. Hatt er lurt, seier John-Inge og Mathias.



To friske jubilarer

Sølvi Loen og Anett Lillebø har runda førti år og feira dagane sine i lag på Vågsberget 12. juni. Begge er musikantar, Sølvi med mange år i T.poll og Anett talentfull trombone-aspirant. Gratulerer.



Det vart ein våt og sur 17. mai.

Her ser vi nokre glimt frå feiringa. Morgon-toget vart på lastebil sponsa av Lillejord Bruk. Musikk-lastebilen stansa fleire



Våt 17. mai på hjul

stadar og gav folk ein fin start på nasjonaldagen. Arvid Verpeide heldt ei flott tale i Vågsvåg. Katrin Gursli Bø imponerte med kornettspel. Holvik skulekorps og Torskangerpoll Musikklag samarbeidde også i år. Under ser vi nokre av aspirantane til Holvik som representerer framtida for korps i vestre krets. Vi let bilda tale for seg.

